Førsteblad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Leikanger

Emne: Ard og plog

Bygdelag: Feios

Oppskr. av: L. N. Stenogjerde

Gard: Stenogjerde

(adresse): Feios

G.nr. 73. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Til spursmaal 1.: Ja.

— " — 2.: Ja. Delvis vart kornet mylda ned med grev, naar åkeren var brattlendt.

— " — 3.: Ja. Nokon hjulplog var ukjendt her før.

— " — 4.: Arden saag ut som fig. 3; men kaldet (skjæ) var onnorleis festa

— " — 5.: Nei. Skjækerne vart her kalla ardskeier.

— " — 6.: Ja, ein nemnde serskildt ardfoten, og aasen i ardskeierne.

— " — 7.: Nei. Ardskjeret vart her kalla vangse og ~~det treffte~~ at ein hadde serskildt saaard til aa mylda ned kornet og daa var baade ord og vangse lidt mindre.

— " — 8.: Nei.

— " — 9.: Nei.

— " — 10.: Ikkje heilt ukjendt, men i almindelig hit ikkje.

— " — 11.: Nei.

— " — 12.: Skide ardar fanst ikkje. Ardane vart oftast laga av bonden sjølv eller av ein annan nevenyttig mann i grendi.

— " — 13.: Nei her vart brukt baade ard og fabrik smidde plogar og plogar kom ikkje stort i bruk her i bygdi før 1900 talet. Eg veit berre om 1 eldre og den var arbeid av ein smed i ei av nabobygdene og lite tess.

1441

Til spursmaal 14.: Nei, ukjendt her.

— " — 15.: Ukjendt her.

— " — 16.: Helst til den sida veltefjøla var ( men arden køyrde ein ikkje tomt).

— " — 17.: Nei, men ein feste stundom ein liten staur til styre som skulde gjera slik tenesta.

— " — 18.: Nei, forekom ikkje.

— " — 19.: Lidt mindre enn 10 cm og djupni maatte køyrekaren ha ovelse i aa regulera. Slepsko var ukjendt fraa fyrst av.

— " — 20.: Nei, ikkje altid.

— " — 21.: Nei.

— " — 22.: Nei.

— " — 23.: Ukjendt her.

Her i bygde meiner ein plog, naar jordi vert velt til eine sida (den høgre) og folk seier plogaasen, men eg har ikkje høyrt ordet ardaasen her, og arden uttalast ar og er hankjønn i bygdemaalet.

Helst kan nemnast at min far (fødd 1854) fortalde at han hugsa til ardar av ein annan type, men hadde ikkje brukt det slaget, og etter som eg kan forstaa det, maa dei ha likna fraa fig 1 og 2.
— Sjølve arbeidet kallast her aa „brota opp aakeren“ — „krossbrota“ — ein seier <u>aldri</u> aa arda aakeren.

1441
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Hr. L. N. Stangjorde

Dū fer taka Deg ei og annor stūndi
og fylla ~~ūt~~ ūt det Dū veit ūm desse arane.

Eg står som tillitsmann for dei
~~ein~~ skjemaer til ūtfylling om allt
slag frå gamle dagar. So eg vinn
ikkje på fylla ūt meldingar av allt.

Dette ūm arar og plagar skulde vera
lett og ~~fy~~ skrivatūm, og serleg for
Deg som er bonde og kjenner til
brūk og namn på desse ting.

Naar Dū har fenga det, ber eg ūm faa
det att.

Feros 10 mars 1948

Helsing.
Ivar Oppedal

1441

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Hr. L. N. Stenegarde

Feios

Eg sender herved attende spørreskjema-
um Arne og plogar som eg har fenge
gardbrukar A. N. Stangerde til å fylla
ut. Vonar svari er so rettvise som
det kan vere brukt i Feios framover
i dei siste 60 åri (til 1940). No frå 1900 åri
er det komme meir i bruk plogar so den
gamle tre-arna med vangsen er sjeldan
å sjå i bruk; men heilt bortkasta er den
ikkje enda. Naar dei hyppa av potetene
brukte dei både fjølar på spikra arm for
at molde mellom potetraderna skulde verta
gjort fast inn til potetlauvet. Dei fora-
agse arm (pilane dar. med dan dei
føra og sette potetene i fåri..

Feios 20 mars 1945

Vyrdsamt
Ivar Offerdal

1441

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING